

Fra: Karianne Alette Torvanger[Karianne.Alette.Torvanger@vlfk.no]
Sendt: 13.06.2022 05:04:05
Til: Politisk[Politisk@vlfk.no]
Tittel: Interpellasjon til fylkestinget i JUNI

Interpellasjon til fylkestinget i Vestland , juni 2022.

Nasjonalt senter for yrkesfag til Vestland.

Regjeringa har i Hurdalsplattforma sagt at dei vil etablere eit nasjonalt senter for yrkesfag. Formålet med senteret skal være å styrke arbeidet med kvalitet og utvikling i fag og yrkesopplæringa, samt oppnå målsetjinga om at fleire ungdommar og vaksne vel og fullfører yrkesopplæring slik at arbeids og næringslivet sitt behov for arbeidskraft vert dekkja. Det er behov for ein organisasjon som kan bidra til å utvikle ei langsiktig og målretta fag- og yrkesopplæring av høg kvalitet og vere eit kontaktpunkt for regionale, nasjonale og internasjonale aktørar innanfor fag- og yrkesopplæring.

Vestland Ap meiner dette senteret burde ligge i yrkesfagfylket Vestland.

Vestland eit av dei største lærlingfylka i landet, og er i front når det kommer til antal elevar som vel yrkesfag, gjennomføring og resultat. Vestland fylkeskommune har ein godt utarbeidd formidlingsstruktur. Her inngår mellom anna læreplassrekeskapet som verktøy skulane skal nytte til å førebu og formidle elevane til arbeidslivet. Det systematiske og langsiktige arbeidet Vestland har gjort knytt til fag og yrkesopplæring gjer Vestland til ein god kandidat for plassering av nasjonalt senter for yrkesfag.

Spørsmål:

Vil fylkesordførar arbeide for at det nasjonale senteret for yrkesfag vert lagt til Vestland?

Framlegg til vedtak:

- 1.Vestland Fylkesting ønskjer at nasjonalt senter for yrkesfag vert lagt til Vestland og ber fylkesordførar arbeide for dette.
2. Fylkestinget ber om at administrasjonen ilag med OPPKO og ynemda synleggjer korleis Vestland kan bidra med innhald til nasjonalt senter for yrkesfag.

Karianne Torvanger (AP)